



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

## **MEDLEMMER:**

Programstyreleiar	Tom Solomon, programkoordinator, professor
Vitskapeleg tilsett	Sigbjørn Apeland, førsteamanuensis
Vitskapeleg tilsett	Stephen Amico, førsteamanuensis
Vitskapeleg tilsett	Jill Halstead, professor
Vitskapeleg tilsett	Arnulf Mattes, professor
Studentrepresentant	Ikkje valgt
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due

### **Møte 08/2024**

Arkivnr: 2024/41

### **Innkalling til møte i programstyret for Musikkvitskap**

Torsdag 06.12.2024 kl. 09:00 – 11:00

Rom: rom 110 - GA

#### **I. Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 03.09.2024**

#### **III. Saker**

Frå førre møte som blei avlyst:

**Sak 23/24** Oppfølging ekstern fagfelle

**Sak 24/24** Endring Studieplan – master i kulturvitskap

**Sak 25/24** Sluttrapport frå studentmentor

**Sak 26/24** Status studentrepresentant

**Sak 27/24** Nytt kvalitetssystem i utdanning

**Sak 28/24** Kvalitetsarbeid musikkvitskap

**Sak 29/24** Representant frå arbeidslivet

**Sak 30/24** Avgjerdsmynde og kommunikasjonslinjer

**Nye saker:**

**Sak 31/24** Forslag til nytt valemne - Musikalsk modernisme/Arnold Schönberg

**Sak 32/24** Endringer i vurderingsform: MVK100, MVK101 og MVK102

**Sak 33/24** Forslag til endringer i MUV280

**IV. Orienteringar**

**Studiebarometerundersøkinga 2024**

**V. Eventuelt**

Bergen 29.11.2024

Tom Solomon  
*Programstyreleder*

Fredrik Berntsen Due  
*Sekretær*



# UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

## MEDLEMMER:

Programstyreleiar	Tom Solomon, programkoordinator, professor	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Sigbjørn Apeland, førsteamanuensis	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Stephen Amico, førsteamanuensis	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Jill Halstead, professor	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Arnulf Mattes, professor	Møtt
Studentrepresentant	Ikkje valgt	
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due	Møtt

### Møte 06/2024

Arkivnr: 2024/41

## Protokoll til møte i programstyret for Musikkvitskap

Tysdag 03.09.2024 kl. 09:00 – 11:00

Rom: rom 110 - GA

### I. Godkjenning av innkalling og dagsorden

*Godkjent*

*Sak 22/24 gjerast om til ein orienteringssak*

### II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 07.06.2024

*Godkjent*

### III. Saker

#### Sak 17/24 Studenttal studieåret 24-25

*Orienteringssak*

*Tillegg til protokollen:*

*Etter 1. september har BA MVK følgende tal:*

*1. år - 21*

*2. år - 8*

*3. år - 10*

*Forsinka - 2*

*Innveksling - 3*

*Totalt – 42*

*Nokre studentar er no kullflytta så dei formelle tala er riktig, og dermed annleis enn saksframlegget.*

**Sak 18/24 Kvalitetsarbeid BAHF-MVK**

*Orienteringssak*

**Sak 19/24 Rapport frå studentmentor**

*Orienteringssak*

*Studentmentor har og sagt opp stillinga si. Siste dag 31. oktober*

**Sak 20/24 Innspel til rekrutteringstiltak**

*Vedtak*

*Programstyresekretær og programstyreleiar utarbeider eit forslag til rekrutteringstiltak som vert sendt over til rekrutteringsgruppa, ut ifrå det som kom fram i programstyremøtet.*

*Svar på spørsmålet om kva som er dei største utfordringane med tanke på rekruttering til MVK:*

- *Rekruttere studentar som forstår kva ein BA i MVK er, kva me tilbyr og korleis det kan vere relevant for deira liv og studiar. Få dei til å vere motiverte til å fullføre ein BA.*
- *Veg til master, at me ikkje kan tilby dette, og derfor vel dei noko anna.*

**Sak 21/24 Besøk frå ekstern fagfelle**

*Orienteringssak*

*Programstyresekretær organiserer påmelding av studentane, og bestiller inn pizza til møtet*

**Sak 22/24 Emne i entreprenørskap**

*Orienteringssak*

#### **IV. Orienteringar**

**AKKORD – Morten Norheim vil vise litt for programstyret i starten av møtet**

**Sjå [MittUiB kurs i AKKORD](#) for meir informasjon og opplæringsmateriell**

**Endringar i emneplan, MVK101 og MVK250**

**Semesterstart 2024**

**Veg til master**

**Oppfølging av [Sak 07/24](#)**

#### **V. Eventuelt**

Bergen 04.09.2024  
Tom Solomon  
*Programstyreleder*

Fredrik Berntsen Due  
*Sekretær*



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 23/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Orienteringssak**

**Møte: 7 – 31.10.2024**

---

## Oppfølging ekstern fagfelle

---

### Vedlegg:

[Møte med ekstern fagfelle.pdf](#)

### *Bakgrunn*

4. oktober 2024 var det møte mellom programstyret og ekstern fagfelle.

### *Til saka*

Vedlagt er referat frå møtet. Dette vert ein del av grunnlaget for ekstern fagfelle sin siste rapport som skal leverast før nyttår.

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 24/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Vedtak**

**Møte: 7 – 31.10.2024**

---

## Endring Studieplan – master i kulturvitskap

---

**Vedlegg:**

[Studieplan BA-MVK H2025](#)

*Bakgrunn*

Veg til master – kulturvitskap

*Til saka*

Etter møte med programstyret for masterprogrammet i kulturvitskap, og møte med instituttleiar hjå Griegakademiet, vert det no lagt fram eit forslag til endring av studieplan som gjer det mogleg for studentane på bachelorgrad i musikkvitskap å gå vidare på ein relevant master hjå UiB.

Sjå vedlegg for alle forslag til endringar. Det vert i hovudskap lagt til ei tilråding om viss ein med bachelorgrad i musikkvitskap frå UiB har som mål å gå vidare på master i kulturvitskap, er det eit krav om å gjennomføre 3 emne i kulturvitskap:

- [KUV1104 Forteljing og fortolking frå folkeeventyr til falske nyheiter \(haust\)](#)
- [KUV1105 Tinga og vi. Materialitet og meining \(hasut\)](#)
- [KUV1101 Mennesket i kulturen og kulturen i mennesket. Kultuvitskapelege syn på verda \(vår\)](#)

Det er tilrådd å gjennomføre dette i laupet av 5. og 6. semester, men ikkje eit krav.

*Forslag til vedtak:*

Programstyret godkjenner forslaget om endring i studieplan.

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær





# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 25/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Orienteringssak**

**Møte: 7 – 31.10.2024**

---

## Sluttrapport frå studentmentor

---

### Vedlegg

[Sluttrapport frå studentmentor 12.09.pdf](#)

### *Bakgrunn*

Sanne har vore tilsett som studentmentor for bachelorprogrammet i musikkvitskap.

### *Til saka*

Sanne har no diverre sagt opp stilling som studentmentor og har levert ein sluttrapport til programstyret. Sjå vedlegg.

Sanne peiker i hovudsak på at det har vore utfordrande å engasjere dei nye studentane og at oppmøte på dei treffpunkta Sanne har initiert har vore dårleg.

Stillinga som studentmentor for musikkvitskap vert ikkje lyst ut på nytt no, men ventar til neste ordinære utlysingsperiode. Det er heller ikkje aktuelt å flytte over nokre av dei andre studentmentorane på Griegakademiet.

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 26/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Orienteringssak**

**Møte: 7 – 31.10.2024**

---

## Status studentrepresentant

---

### *Bakgrunn*

Programstyret i musikkvitskap har plass til inntil to studentrepresentantar. Det er fagutvalet hjå Griegakademiet som vel kven som skal vere studentrepresentant.

### *Til saka*

Me hadde to studentar som meldte interesse for å vere studentrepresentantar, men desse har allerede trekt seg og programstyret er no utan studentrepresentantar.

Programstyresekretær har tatt kontakt med fagutvalet hjå Griegakademiet for hjelp til oppnemning av studentrepresentantar.

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

Sak.nr.: 27/24

Arkivnr: 2024/41

Sakstype: Orienteringssak

Møte: 7 – 31.10.2024

---

## Nytt kvalitetssystem i utdanning

---

Vedlegg:

[Kvalitetssystem for utdanning.pdf](#)

### Bakgrunn

UiB har oppdatert sitt kvalitetssystem for utdanning.

### Til saka

Heile kvalitetssystemet kan lesast i vedlegget, men me trekker fram her det som er spesielt viktig for kvalitetsarbeidet for emneansvarlege, altså emnenivå:

### Roller og ansvar (punkt 2.4)

Ansvarlig	Oppgaver
<b>Emneansvarlig</b>	Har ansvar for:
	gjennomføring av emnet
	løpende vurderinger og bidrag til faglig videreutvikling av emnet og emnets plass i studieprogram
	emneevaluering i emnet minimum hvert tredje år etter oppsatt plan
	oppfølging av innspill og tilbakemeldinger fra studenter og kommunikasjon tilbake til studentene

<b>Programstyreleder</b>	Har ansvar for:
	kvalitet og helhet i studieprogrammet eller årsstudiet, og at krav i forskrifter er oppfylt gjennom det kontinuerlige og det systematiske kvalitetsarbeidet
	utarbeidelse av plan for emneevalueringer for emner som inngår i studieprogrammet
	programevaluering og evaluering av årsstudier etter oppsatt plan
	utarbeidelse av plan for og innhenting av innspill fra studenter og eksterne fagfeller og representanter fra arbeidslivet i evalueringene og at evalueringene blir fulgt opp

Dei med emneansvar har det faglege ansvaret for kvalitetsarbeidet for emnet, og ein skal gjennomføre emneevaluering minimum kvart tredje år, eller kvar tredje gang emnet undervisast.

Emneevaluering skal omfatte:

- *informasjon om oppfølging og eventuelle justeringer siden sist emneevaluering*
- *vurdering av faglig innhold, kobling til forskning på feltet og samsvar mellom emnet og studieprogrammene som emnet inngår i*
- *vurdering av pedagogiske valg, samsvar mellom emnets læringsutbyttebeskrivelse, undervisnings-, lærings- og vurderingsformer og refleksjon over studentens læring og gjennomføring som følge av disse valgene*
- *resultater fra studentevalueringer og eventuelt andre tilbakemeldinger som er aktuelle for emnet*
- *vurdering av samsvar mellom studentenes arbeidsmengde og studiepoenguttelling.*
- *I de tilfellene emnet har praksis eller andre ordninger for kontakt med arbeidslivet, skal det evalueres om ordningen fungerer tilfredsstillende.*

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 28/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Vedtak**

**Møte: 7 – 31.10.2024**

---

## Kvalitetsarbeid musikkvitskap

---

### Vedlegg

[Kvalitetsarbeid musikkvitskap.pdf](#)

### *Bakgrunn*

Oppfølging av kvalitetsarbeidet hjå bachelorprogrammet i musikkvitskap.

### *Til saka*

I vedlegget er det stadfesta kva emne som manglar emneevaluering frå hausten 2023 og våren 2024, og kva emne som skal gjennomførast hausten 2024.

### *Forslag til vedtak:*

Programstyret ber emneansvarlege om å gjennomføre planlagde emneevalueringar i laupet av hausten 2024.

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 29/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Vedtak**

**Møte: 7 – 31.10.2024**

---

## Representant frå arbeidslivet

---

### *Bakgrunn*

I samband med nytt kvalitetssystem for utdanning hjå UiB, er det no krav om at alle studieprogram skal ha ein representant frå arbeidslivet som skal bidra i kvalitetsutviklinga til studieprogrammet.

### *Til saka*

Det er ikkje fastsett kva ordninga rundt representant frå arbeidslivet skal innehalde, men programstyret kan legge fram forslag på spesifikke personar til instituttleiar.

Forslag frå programstyreleiar: Christian Grøvlen (direktør for KODE komponisthjemmene).

Det er opent for at dei andre programstyremedlemmane kan komme med forslag.

### *Forslag til vedtak:*

[vert utarbeida på møtet]

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 30/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Orienteringssak**

**Møte: 7 – 31.10.2024**

---

## **Avgjerdsmynde og kommunikasjonslinjer**

---

### *Bakgrunn*

Med ny studieforskrift kom det ei bestemming om rettar ved gyldig fråvær frå obligatorisk undervisningsaktivitetar. Det er no behov for ei avklaring rundt avgjerdsmynde og kommunikasjonslinjer.

[§5-5 Gyldig fråvær](#)

[§5-6 Rettar ved gyldig fråvær](#)

### *Til saka*

Studentar kan no søke om å få innvilga gyldig fråvær frå obligatorisk undervisningsaktivitet. På bachelorprogram i musikkvitskap er det ikkje fatta vedtak om at dette kan innvilgast på fagleg grunnlag, så for studentane på BA-MVK er det berre grunna sjukdom eller andre særskilde forhold, som gjer det heilt urimeleg å krevje at studenten gjennomfører, som er godkjent grunnlag.

Ordninga gjeld og for studentar som har studierett ved andre fakultet, sjølv om dei kan ha andre retningslinjer for gyldig fråvær.

Prosess for gyldig fråvær:

1. Studenten sender inn søknad om gyldig fråvær via [informasjonssida](#) til KMD, dokumentasjon må ettersendast. Det er frist for å søke seinast to veker etter at den obligatoriske undervisningsaktiviteten skulle ha vore gjennomført.

2. Studiekonsulent mottar søknaden, og handsamar denne ut ifrå gjeldande retningslinjer. Det er studieadministrasjonen/studiekonsulenten som fattar vedtak om søknaden vert innvilga eller ikkje.
3. Om søknaden om gyldig fråvær vert innvilga sender studiekonsulenten ut følgjande brev/e-post:

Til studenten	Til emneansvarleg						
<p>Viser til din søknad om gyldig fravær fra obligatorisk undervisningsaktivitet i emnene XXX, datert XX.XX.XXXX. Søknaden gjelder fravær grunnet egen sykdom, og er dokumentert med sykemelding fra lege.</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Fakultet for kunst, musikk og design har behandlet søknaden din med hjemmel i Forskrift om studier ved Universitetet i Bergen <a href="#">§5-5 Gyldig fravær</a> og <a href="#">§5-6 Rettar ved gyldig fravær</a>.</p> <p>Søknaden innvilges, og vi har registrert gyldig fravær for følgende obligatoriske undervisningsaktivitet(er):</p> <table border="1" data-bbox="73 1066 413 1348"> <tr> <td>Emne:</td> <td>XXXXX</td> </tr> <tr> <td>Dato:</td> <td>XX.XX.XXX</td> </tr> <tr> <td>Aktivitet:</td> <td>XXXXX</td> </tr> </table> <p>Innvilget gyldig fravær innebærer at du har rett til ny gjennomføring av undervisnings-aktiviteten før eksamen i emnet, dersom det er praktisk mulig og ikke innebærer en uforholdsmessig byrde for fakultetet. I tråd med <a href="#">KMDs utfyllende reglement til §5-6(1)</a> kan det av faglige hensyn kreves at det gjennomføres en erstatningsaktivitet i stedet for den opprinnelige aktiviteten.</p> <p>For å ta igjen det du har mistet av undervisning ber vi deg ta kontakt med emneansvarlig og avtale for hvert emne eller aktivitet. Det er ikke garantert at du kan ta igjen all aktivitet i inneværende semester.</p> <p><b>Klagerett</b></p> <p>Etter <a href="#">forvaltningslovens § 28 og § 29</a> kan du klage på vedtaket innen tre uker fra du mottok dette brevet. En eventuell klage sendes til Fakultet for kunst, musikk og design (<a href="mailto:post@kmd.uib.no">post@kmd.uib.no</a>).</p>	Emne:	XXXXX	Dato:	XX.XX.XXX	Aktivitet:	XXXXX	<p><i>Hei</i></p> <p><i>Student NNN har fått innvilga gyldig fravær i emnet XX for DATO.</i></p> <p><i>Jamfør UiB si studieforskrift tyder det at studenten har rett på å ny gjennomføring av undervisningsaktiviteten før eksamen i emnet dersom det er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fakultetet. I tråd med KMDs utfyllande reglement kan det av faglege omsyn krevast at det vert gjennomført ein erstatningsaktivitet i staden for den opprinnelege aktiviteten.</i></p> <p><i>Dette vil seie at du som emneansvarleg vurderer korleis studenten skal få teke att det hen har gått glipp av. Det skal så langt det er mogleg leggest til rette for at studenten får gjort dette før eksamen, slik at hen ikkje mister eksamensretten dersom hen går over fraværsgrensa, men du vurderer om det er mogleg innafor rammene av semesteret.</i></p> <p><i>Studenten har fått beskjed om å ta kontakt med emneansvarleg for å avtale vidare, og er informert om at det kan hende det ikkje vert mogleg å ta aktiviteten att dette semesteret.</i></p> <p><a href="#">UiBs studieforskrift §5-5 Gyldig fravær</a>  <a href="#">UiBs studieforskrift §5-6 Rettar ved gyldig fravær</a>  <a href="#">KMDs utfyllende reglement til §5-6(1)</a></p> <p><i>Lurer du på noko ang. dette, er dette berre å spørje.</i></p>
Emne:	XXXXX						
Dato:	XX.XX.XXX						
Aktivitet:	XXXXX						



4. Emneansvarleg registrerer dette på mest hensiktsmessig måte og avgjer kva studenten skal gjere for å ta igjen tapt obligatorisk undervisningsaktivitet. Dette kan t.d. vere å skrive ein kort tekst om aktuelle tema frå forelesninga som hen gjekk glipp av, eller få ein ny dato til å gjennomføre ein presentasjon/skriftleg innlevering.

Det skal altså *«så langt det er mogleg leggast til rette for at studenten får gjort dette før eksamen, slik at hen ikkje mister eksamensretten dersom hen går over fråværgrensa, men du vurderer om det er mogleg innafor rammene av semesteret.»* Samstundes er det i UiBs studieforskrift skriven at erstatningsaktivitet skal gjennomførast: *«[...] før eksamen i emnet dersom det er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fakultetet.»*

Dette betyr at emneansvarlige kan sette ei absolutt grense på fråvær, uavhengig om den er gyldig eller ikkje, då det ved mykje fråvær ikkje er lenger praktisk mogleg, men og at studenten då vil ha gått glipp av så mykje obligatorisk at det vil gå ut over læringsutbyte som er skildra i emneplan. Emneansvarleg kan på grunnlag av dette avgjere at studenten kan miste retten til å ta eksamen. Om emneansvarleg fattar ei slit slutning, må studiekonsulent få beskjed så snart som mogleg for å kunne skrive ut eit formelt vedtak.

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

**Sak.nr.: 31/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Diskusjonssak**

**Møte: 8 – 06.12.2024**

---

## Forslag til nytt valemne

---

### *Bakgrunn*

Arnulf Mattes har fremma forslag om oppretting av et nytt musikkvitskapeleg valemne: 'Fin de siècle i musikk, kunst og kultur (Modernismens frambrudd, ved slutten av det 19. århundret) som er innafor Mattes' forskingsspesialiseringar, vil kanskje tiltrekkje fleire studentar (og involvere kollegaer) frå både utøvande fag, komposisjonsområde, kunst og design til eit musikkvitskapleg emne.

### *Til saka*

Utgangspunktet er musikalsk modernisme, men det er inga utfordring å finne breiare tematiske perspektiv, som setter for eksempel den musikalske modernismen til Arnold Schönberg (atonal/ekspresjonisme) i ein breiare kontekst av djupe og omfattande kulturelle og estetiske endringar/'revolusjonar', og en særreigen 'tidsånd' preget av undergangsstemning, dekadense og framtidsoptimisme. Mattes har gjennomført fleire prosjekt om Fin de siècle og modernismen, både i en europeisk og norsk kontekst, både som PhD, postdoktor og forskar ved UiO, så undervisninga vil bygge på aktuell og internasjonal forskning.

Ei tverrfaglig tilnærming til temaet kan vere å bruke Schönbergs musikk som eit 'prisme' for å presentere dei inter-estetiske krysstraumane mellom musikk, biletkunst, arkitektur, filosofi, litteratur og vitskap som fann stad rundt 1900, 'Fin de siècle', 'Jugend' og 'art déco'-kulturen i Europa. Dette kan også appellere til studentar frå kunst, arkitektur og design. Inkludert ein topografisk tilnærming, som kartlegg påverknaden av tidleg modernisme frå Wien og Paris til Oslo og til og med Bergen (Bergen hadde sin eigen lokale variant av modernisme, berre tenk på Sæveruds 'Siljustøl'-villa og hans samarbeid med arkitektur, eller art deco-illustrasjonane til Frøydís Haavardsholm, freskene i Oslo rådhus og Bergen Gamle Børs Frescohallen etc.).

Forhåpentlegvis kan det og vere attraktivt for andre tilsette ved fakultetet å bidra med ei førelæsing eller som medførelsarar.

*Til diskusjon:*

- Korleis passar dette emnet inn i den totale emneporteføljen for studieprogrammet?
- Har studieprogrammet nok ressursar til å gjennomføre dette emnet?
- Kva semester er det mest hensiktsmessig å gjennomføre emnet??
- Skal emnet vere i tillegg til eller i erstatning av eit anna emne?

Arnulf Mattes  
programstyremedlem

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



# UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET MUSIKKVITSKAP

Sak.nr.: 32/24

Arkivnr: 2024/41

Sakstype: Vedtak

Møte: 8 – 06.12.2024

---

## Endringar i vurderingsform: MVK100, MVK101 og MVK102

---

### Vedlegg:

[Forslag MVK100.pdf](#)

[Forslag MVK101.pdf](#)

[Forslag MVK102.pdf](#)

### Bakgrunn

Endringar for å korrigere formuleringane under «vurderingsform», slik at dei gjenspeiler gjeldande retningslinjer for eksamen hjå UiB og gjeldande praksis i emnet.

### Til saka

Omgrepa «mappevurdering» og «eksamensdel»/«deleksamen» er brukt saman. Det er to ulike vurderingsformar, og føreslegne endringar ryddar opp i dette.

#### MVK100

##### Gamal formulering

I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:  
Eksamen vert gjennomført som ei mappe med 2 ulike skriftlege forskingsbaserte oppgåver (til saman 10-12 sider).

Oppgåvene vektast høvesvis 30% og 70%. Alle oppgåvene må være greidd.

Intern sensur med minst to sensorar.

##### Forslag til ny formulering

Eksamen består av 2 ulike deler:

Del 1: Skriftleg, forskingsbaserte oppgåve. 2000 – 2500 ord. Teller 30% av endeleg karakter

Del 2: Skriftleg, forskingsbaserte oppgåve. 3200 - 4000 ord. Teller 70% av endeleg karakter

Oppgåvene vektast høvesvis 30% og 70% av endeleg karakter. Begge oppgåvene må være greidd i same semester.

Intern sensur med minst to sensorar.

---

#### MVK101

##### Gamal formulering

I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:

##### Forslag til ny formulering

Eksamen består av 4 deler:

---

Eksamen vert gjennomført som ei mappe med 4 ulike små og/eller store prosjekt som dekker områder som konsertproduksjon og -marknadsføring og konsertopptak.

Alle prosjekta vektast likt. Alle prosjekta må være greidd. Intern sensur med minst to sensorar.

Del 1: Skriftleg oppgåve  
Del 2: Skriftleg oppgåve  
Del 3: Oppgåve i lyd  
Del 4: Praktisk eksamen

Eksamensdelane dekker områder som konsertproduksjon og -marknadsføring og konsertopptak. Storleik og innhald vert skildra på MittUiB i starten av semesteret.

Alle prosjekta vektast likt. Alle prosjekta må være greidd i same semester. Intern sensur med minst to sensorar.

## **MVK102**

### **Gamal formulering**

I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer: Mappesvurdering: mappa inneheld 3 oppgåver som utforskar ulike måtar å formidle kunnskap om musikk.

Desse inkluderer ulike sjangrar, både skriftleg og mulitmedia. Dei skriftlege oppgåvene har eit omfang på 500-1000 ord kvar. Alle oppgåvene må vere godkjende i same semester.

Oppgåvene vektast likt. Intern sensur med minst to sensorar.

### **Forslag til ny formulering**

Eksamen består av 3 deler:

Del 1: Lag en podcastepisode. Innhald og lengde er definert på MittUiB

Del 2: Skriftleg oppgåve på 500-1000 ord

Del 3: Skriftleg oppgåve på omlag 100 ord

Alle oppgåvene må vere greidd i same semester.

Oppgåvene vektast likt. Intern sensur med minst to sensorar.

### *Forslag til vedtak*

Programstyret godkjenner forslag til endringar i vurderingsform i emna MVK100, MVK101 og MVK101. Då dette er sett på som redaksjonelle endringar, sender programstyret dette vidare som ein informasjonssak til instituttrådet.

Thomas James Solomon  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær



**Sak.nr.: 33/24**

**Arkivnr: 2024/41**

**Sakstype: Vedtak**

**Møte: 8 – 06.12.2024**

---

## Forslag til endringar i MUV280

---

### Vedlegg:

[Forslag MUV280.pdf](#)

### *Bakgrunn*

Emneansvarleg for MUV280 Popular Music Studies legg frem forslag om endring i obligatorisk undervisningsaktivitet.

### *Til saka*

MUV280 Popular Music Studies har tidlegare kravd både gruppe- og individuelle presentasjonar. Basert på fleire semester med erfaring foreslår emneansvarleg å fjerne desse krava av følgjande grunnar:

1. På grunn av ei auke i talet på studentar – omtrent 35-40% dei siste to åra – er det vanskeleg å få gjennomført alle presentasjonane innanfor den avsette tida i undervisningsplanen. Det vil med noverande studenttal resultere i at ein heil månad med undervising blir brukt på presentasjonar. Eit alternativ er å redusere presentasjonane til fem minutt eller mindre, men med dette formatet vil studentane miste store deler av læringsutbyte. Mange studentar finn ikkje desse møta produktive og brukar "frie" fråvær for å unngå dei. Dette fører til at studentane held presentasjonar for nesten tomme rom.
2. Manglande engasjement: Ein del av presentasjonane har vore meint å gi rom for tilbakemeldingar frå studentane (spørsmål, forslag), men studentane har i stor grad ikkje engasjert seg på denne måten, sjølv med ulike metodar for å oppmuntre til dette.
3. Utfordringar med gruppepresentasjonar: Gruppepresentasjonar har blitt svært problematiske på grunn av ein generell skilnad mellom studentar som legg ned mykje innsats

i oppgåva, og dei som ikkje gjer det. I det siste semesteret aleine har vi fått mange klager frå studentar som prøvde å jobbe med oppgåva, men som ikkje fekk svar frå gruppelemmar, som ikkje møtte på møter, osv. I nokre tilfelle har vi blitt informert om at enkelte medlemmar av gruppa gjorde alt eller mesteparten av arbeidet, medan andre berre las opp arbeid som andre hadde førebudd. Dette er urettferdig og stressande for studentane som ønskjer å gjere det bra på oppgåva.

4. Manglande tilbakemelding: På grunn av det store talet på studentar i kurset, er det umogleg å gi detaljert tilbakemelding til kvar enkelt student (sjølv om dei allereie får slik tilbakemelding på sine endelege oppgåveforslag). Dette er problematisk sidan mange av presentasjonane inneheld feilaktig informasjon om tekstar, teoriar og teoretikarar. Slike feil er svært problematiske dersom desse aktivitetane skal ha pedagogisk verdi. Sjølv om tilbakemeldingar kunne korrigert presentasjonane, ville ikkje dette informert dei andre studentane som hørte på presentasjonane om at det dei hadde høyrte eller sett ikkje var korrekt. Vi må understreke at talet på slike feil, både kvalitativt og kvantitativt, er svært høgt og dermed svært skadeleg pedagogisk sett.

#### *Forslag til vedtak*

Programstyret godkjenner forslaget om endringar i obligatorisk undervisningsaktivitet i MUV280.

Stephen Amico  
programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due  
programstyresekretær